



Skroget som har lege lenge ved Børneskaien er til høgre på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sidan måndag har omtrent halve arbeidsstokken ved Eidsvik skipsbyggeri, største verksemda i Uskedalen, vore permittert. Det gjeld 23 tilsette og ein ser ikkje bort ifrå at fleire må ut i permisjon, seier personal- og økonomiansvarleg Ståle Hallingstad til Kvinnheringen.**



Siem Pilot ligg framleis ved Eidsvik, men dreg frå Uskedalen om få dagar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsaken til problema er å få finansiert supplybåt-skroget som har lege lenge ved Børneskaien og som er identisk

med Siem Pilot som vart døypt tidlegare i vinter..

Ei gruppe av arbeidsstokken er i gang med produksjon av davitar, men også i denne produksjonen er ein iferd med å få kjenning med finanskrisa.

På det meste var 220 engasjert i arbeidet med Siem Pilot, supplybåten som framleis ligg hos Eidsvik men som vil gå derifrå om få dagar. Det er no berre rundt 30 att innanfor portane.

S kroget til Siem Pilot sitt søsterskip er ikkje finansiert og Hallingstad seier at det er no ein kjenner smertene av finanskrisa også på Vestlandet.

Mangel på oppdrag fører også til manglande oppdrag hos underleverandørane.

-Men vi freistar å halda motet oppe og håpar på at vi kan starta utrustninga av skroget ved Børneskaien, seier hovudtillitsvald Børre Brede. Det vert jobba hardt frå alle kantar for å få finansieringa på plass.

Brede seier at det ikkje er noko i dag som tilseier at Eidsvik ikkje skal få også dette oppdraget, men når det kan bli ei avklåring er uvisst.

Av Ola Matti Mathisen



Dåpen av Siem Pilot tidlegare i vinter var ei positiv hending, men kva blir det neste? (Foto: Ola Matti Mathisen)